




Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

før solnedgang

av Gerhart Hauptmann







før solnedgang

av Gerhart Hauptmann

Omsetjing: Torgeir Skorgen

Omarbeiding: Hans Henriksen

| | |
|-------------------------|----------------------------|
| Mathias Clausen | Sverre Bentzen |
| Wolfgang Clausen | Per Schaanning |
| Egmont Clausen | Torbjørn Eriksen |
| Bettina Clausen | Ingunn Beate Øyen |
| Ottilie Klamroth | Ellen Dorrit Petersen |
| Erich Klamroth | Espen Løvås |
| Paula Clothilde Clausen | Elisabeth Matheson Solberg |
| Hanefeldt | Morten Espeland |
| Geiger | Svein Erik Brodal |
| Fru Peters | Britt Langlie |
| Inken Peters | Silje Storstein |

| | |
|---------------------------|--------------------|
| Regi | Hans Henriksen |
| Scenografi | Serge von Arn |
| Kostyme | Mia Runningen |
| Koreografisk assistanse | Nina Lill Svendsen |
| Dramaturg | Cecilia Ölveczky |
| Lysdesign | Torkel Skjærven |
| Maske- og parykkdesign | Marit Framstad |

Inspisient
Pål Pande-Rolfsen
Lyd
Igor Zamarajev
Lysmeistrar
Ellen Sylvia Huuse/Terje Larsen
Rekvisitør
Inger Henriette Paulsen
Sufflør
Gry Hege Espenes
Scenekoordinatorar
Herve Huck/Andreas Zsidek
Kostymekoordinator
Kirsten Høidahl

Forlag: Arvid Englund AB, Stockholm
Orginaltitel: *Vor Sonnenuntergang*

Premiere 5. november 2008
på Prøvesalen

Foto: Espen Tollefesen
Bilda er tatt i prøvetida

Programredaksjon: Hans Henriksen, Cecilia Ölveczky,
Margunn Vikingstad, Silje Engeness
Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk: Merkur-Trykk AS





Gerhart Hauptmann og Det Norske Teatret

av Alfred Fidjestøl

Gerhart Hauptmann er i dag eit namn få hugsar og kjenner; det er snart 70 år sidan han sist blei spelt ved Det Norske Teatret. Men i samtida si og i dei åra dette teatret blei grunnlagt, var Gerhart Hauptmann ein av dei leiande europeiske samtidsdramatikarane. Som Ibsen var han ein pioner innan det naturalistiske teatret. Ulikt Ibsen fekk han oppleve æra av å få Nobelprisen i litteratur.

Hauptmann var fødd den 15. november 1862 i den vesle schlesiske byen Obersalzbrunn, som i dag ligg i Polen. Han prøvde seg både som vitskapsmann og bilethoggar før han etablerte seg som forfattar. Han skreiv i fleire sjangrar, men slo gjennom som dramatikar i åra 1889 til 1892 med skodespela *Før soloppgang*, *Vevarane* og *Einsame menneske*.

Premieren på *Før soloppgang* blei skandaløs. Det naturalistiske programmet og dei direkte referansane til seksualitet og alkohol, braut med alle tillærde forventingar til kva ein skulle måtte sjå på ein teaterscene. Den prøyssiske sensuren hadde forbode stykka hans, og Hauptmann var avhengig av frie avantgardescenar utanfor dei store institusjonsteatra for å bli spelt. Spesielt viktige var dei to Berlin-baserte foreiningane Freie Bühne og Freie Volksbühne, som var blitt skipa i 1889 og 1890.


Begge foreiningane var erklært naturalistiske; dei var skipa som medlemskapsforeiningar for å omgå teatersensuren, og dei leigde inn skodespelarar frå dei etablerte teatra til framsyningane sine. Hauptmann var den sentrale dramatikaren båe plassar, og Freie Volksbühne var ei sentral inspirasjonskjelde då Arne og Hulda Garborg to tiår seinare tok initiativet til å opprette Det Norske Teatret.

Arne Garborg var sjølv i Berlin i 1891 og vitja dei to teaterforeiningane. Han hadde eit stort namn i dette miljøet. Garborgs bok *Hjaa ho Mor (Bei Mama)* hadde gått som føljetong i tidsskriftet til Freie Bühne, og foreininga hadde heidra han med ein litteraturpris på heile 2000 mark. No blei Garborg nær ven av Gerhart Hauptmann, og han skreiv inspirert heim til den norske avisa Firda om det han opplevde i Berlin. Om Freie Volksbühne skreiv han at tiltaket er *så fagert, at ein berre må ynskja godt yver det*, før han lanserte tanken om å skipe noko liknande i Noreg.

I 1913 blei denne draumen røyndom. Den 2. januar dette året såg Det Norske Teatret dagens lys, og det tok ikkje mange åra før teatret ville setje opp Hauptmann. Teatret valde då det symbolistiske *Hanneles Himmelfahrt*, som Hulda Garborg allereie hadde sett om til riksmål og fåfengt hadde prøvd å få Nationaltheatret til å spele. No sette ho det om til landsmål, gav det tittelen *Hannemor* og teatersjef Edvard Drabløs fekk sett det opp til det som skulle bli avskilsframsyninga hans, i den fyrste av hans to periodar som teatersjef.

Hulda Garborg skreiv stolt til Hauptmann at '*Det norske Teatre*', *ein kleines, aber gutes Theater*, skulle setje opp *Hannemor*. Og ho skrytte av at teatret i tillegg til å spele i Kristiania turnerte heile landet og dermed hadde *eigentlich das grösste Publikum im Norwegen*.





Det Norske Teatret hadde ikkje eige hus denne tida, det leigde scenen i Bøndernes Hus, som Bondeungdomslaget åtte. Scenen og utstyret her stod ikkje i forhold til ambisjonane ved teatret, og aldri hadde misforholdet mellom ambisjonar og vilkår vore like tydeleg som under premierenkvelden på *Hannemor*. Nokre scenar skulle etter planen spelast i neddempa lys, men det elektriske anlegget skar seg fullstendig. Det var heller ikkje nokon naturleg plass til orkestret, og det førte til at orkestret måtte spele den storfelte musikken til Marschalk frå salen og delvis overdøye replikkane frå scenen. Teatret hadde heller ikkje sett seg råd til å kjøpe inn eit slørteppe som dei mange draumescenane i stykket kunne spelast bak, slik konvensjonen var ved alle *Hannemor*-framsyningar.

Landsmålsavisa Den 17de Mai som oftast var positiv til det meste som skjedde på Det Norske Teatret, fokuserte difor på at det ikkje var noka *lett oppgave for 'Det norske teatret' aa føra fram eit slikt stykke paa det vesle speltilet sitt*, men at det likevel makta å *gjeva ei framsyning som det var ein fest aa sjaa*. Og nokre dagar etter premieren skreiv Hulda Garborg eit lengre stykke i den same avisa der ho slo fast at *Hannemor*-framsyninga viste at Det Norske Teatret var i ferd med å sprengje seg ut av Bøndernes hus; det var ei framsyning på trass og på tvers av alt som fanst av vilkår og romlege føresetnader på den vesle scenen. Framsyninga gjorde det utvitydig klårt for alle som var til stades: Det Norske Teatret trong eit teaterbygg.

Hauptmann var heile livet ein kontroversiell forfattar, men av stadig ulike og innbyrdes motstridande årsaker. Som naturalistisk dramatikar var han i etableringsåra elska av dei politisk radikale og den kulturelle avantgarden, men forakta av borgarskapet og keisaren. Han blei skulda for


sosialistisk og pasifistisk tendens og det som verre var, men ved utbrotet av den fyrste verdskrigen blei pasifisten Hauptmann gripen av krigspatriotisme, og keisar Wilhelm II endra syn på han og gav han ein høgthengande orden. Etter at Hitler tok makta blei Hauptmann buande i Tyskland, og nazistane freista å utnytte dette i propagandaen sin.

Før solnedgang hadde urpremiere i 1932, det året Hauptmann blei 70 år, og tematikken med den aldrande mannen som fell for ei pur ung jente, har biografiske parallellar til Hauptmanns eige liv. I 1904 hadde han skilt seg frå kona Marie Hauptmann, fødd Thienemann, som han hadde tre søner i lag med, og gifta seg med den yngre Margarete Marschalk. Omtrent samstundes hadde han hatt endå eit omstridd forhold til ei 16-årig skodespelarinne.

Garborg-familien heldt mest kontakt med Marie og sønene etter skilsmissa; Arne og Huldas son, Tuften, var nær ven av sonen Klaus Hauptmann. Men då Arne Garborg døydd i 1924, skreiv Gerhart Hauptmann eit kondolansebrev til Hulda der han understreka kor uendeleg mykje Arne Garborg hadde betydd for han, og fortalde at den eine sonen han fekk med Margareta Marschalk, var kalla opp etter nettopp Arne Garborg, og bar namnet Benvenuto Arne Hauptmann.

Året etter, i 1925, spelte Det Norske Teatret igjen Hauptmann. Sidan er tre andre Hauptmann-framsyningar sette opp, siste gong *Einsame menneske* i 1942. Fyrst i 1985 kunne Det Norske Teatret flytte inn i det huset teaterleiinga hadde drøymt om kvar dag sidan Hauptmann-framsyninga i 1916. Og hermed, med denne versjonen av *Før solnedgang*, blir Gerhart Hauptmann for fyrste gong spelt i dette bygget.







Depotbiblioteket

Før solnedgang



09sd00776

det norske teatret

www.detnorsketeatret.no

Hovudsponsor



Statkraft